

# Referat ungdomsråd

Tid: 08.02.2023 kl 1000 – 1130

Stad: Teams

Til stades:

**Brukarrepresentantar:** Ståle Hatlelid (Landsforbundet for kombinert syns-og hørselshemmede/døvblinde, Vebjørn Leite Olsen (Mental Helse Ungdom) og Sigrid Rønneberg (Norges Handicapforbunds Ungdom)

**Frå Statped:** Annemarie B. Hansen (10-11), Kristin Fastvold og Alice Walgermo

**Forfall:** Anja Sandnes (Hørselshemmedes Landsforbunds Ungdom), Maren Gjærde Tryggestad (Norges Blindeforbund Ungdom) og Silje Solvang (Norges Blindeforbund Ungdom).

**Referent:** Alice Walgermo

Saksnr	Sak
	<p>Direktør i Statped, Annemarie B. Hansen hadde ei lita innleiing der ho kom med sine tankar og ynskje for det nyoppretta ungdomsrådet. Hansen ynskjer seg eit aktivt ungdomsråd som er tett på opplæringssektoren og som gjev tilbakemeldingar på kva som fungerer (evt ikkje fungerer) i skulen.</p> <p>Hansen vert invitert inn på alle møta, men vil truleg berre vere til stades i einskilde saker/diskusjonar.</p> <p>Sakslista vart godkjend.</p>
	Faste saker
01/23	<p><b>Verksemndstrategien – status</b></p> <p>Grunna tekniske utfordringar vert verksemndstrategien sendt ut saman med referatet til gjennomlesing (vedlegg 1).</p>
02/23	<p><b>Orientering frå avdelingar i Statped</b></p> <p>Avdelingsleiar for syn 2, Rune Johnsen hadde ei informativ orientering om Statped sitt samfunnsmandat, hovudmål, lokasjonar, fagområde og organisering, før han gjekk vidare til å fortelje litt om avdeling syn.</p> <p>Avdelingsleiar for høyrsel, Tone Elisabeth Morsund orienterte om avdeling høyrsel.</p> <p>Presentasjonane blir sendt som vedlegg med ei oppmoding om klikke seg inn på dei ulike lenkjene samt dele presentasjonen i eigen organisasjon (vedlegg 2 og 3).</p>
03/23	<p><b>Saker til/frå Nasjonalt Brukarråd</b></p> <p><i>Brukarkonferansen 2023</i></p> <p>Etter møtet vårt vart det stadfesta at brukarkonferansen vert 8.11.2023. Brukarkonferansen har eit mål om å vere dagsaktuell. Silje Solvang (Norges Blindeforbund) sit i arbeidsgruppa til brukarkonferansen og vil truleg halde oss orientert om arbeidet. Ungdomsrådet vil få moglegheit til å komme med innspel til tema etc på eit seinare tidspunkt.</p> <p>Til orientering finn de program og presentasjonar for fjorårets brukarkonferanse <a href="#">her</a>.</p> <p><i>Saka blir teke opp att på neste brukarrådsmøte i april.</i></p> <p><i>Elevkurs</i></p>

	Det blir arbeidd med å finne ei ny organisering av elevkurs som ivaretek både Statped sitt nye mandat og behova til brukarane. Forslag til ny modell blir lagt fram i Nasjonalt Brukarråd 15.02.23.
	Nye saker
	Drøftingssaker
<b>04/23</b>	<p><b>Aktuelle og meningsfulle møte i ungdomsrådet</b></p> <p>For å lage gode og innhaldsrike møte er det viktig at <i>den einskilde brukarrepresentant</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• deltek aktivt</li> <li>• er førebudd</li> <li>• har tett dialog med eigen brukarorganisasjon både <i>før</i> og <i>etter</i> møta i ungdomsrådet</li> <li>• oppmodar brukarorganisasjonane til å melde inn aktuelle saker</li> </ul> <p>I tillegg er det ynskjeleg at det blir sett av meir tid til brukarperspektivet.</p>
<b>05/23</b>	<p><b>Vararepresentantar</b></p> <p>Statped sender ut førespurnad til dei ulike brukarorganisasjonane om å melde inn vararepresentantar.</p> <p>Det kom i tillegg innspel om å få inn representant frå Norges Døveforbund.</p> <p><i>Statped tek saka vidare.</i></p>
<b>Evt</b>	<p><b>Idèdugnad rekruttering etc</b></p> <p>Brukarrepresentantane vart samde om å samle seg til ein liten idèdugnad for å auke rekrutteringa til ungdomsrådet.</p> <p><i>Alice sender ut forslag til møtepunkt.</i></p> <p><b>Informasjon om utfordringar i Statped</b></p> <p>Det var ynskjeleg at utfordringane til Statped vart lyfta fram.</p> <p><i>Statped sender ut brukarundersøkinga så snart ho er gjort offentleg.</i></p> <p><b>Ansvar i overgangsfasane</b></p> <p>Det kom eit ynskje om å tydeleggjere ansvarslinjene i overgangsfasane, til dømes mellom vidaregåande og UH-sektor.</p> <p><i>Saka blir teke opp på neste møte.</i></p> <p><b>Aktuelle saker til neste møte</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fullføringsreformen</li> <li>• Prosjekt gjennomstrømming</li> </ul>